



Turleiarsamling i Kvinnherad Turlag på Skorpefjellet.

**Kvinnherad Turlag har kvart år 3 samlingar for turleiarane i laget. Tysdag 11. juni hadde vi samling på Skorpo. Totalt møtte det 24 personar. Etter ein tur til toppen av Skorpefjellet, gjekk turen ned til havna hjå Oscar Langballe. Der diskuterte vi mellom anna kva vi kan gjera for å få fleire med oss på dei arrangerte turane.**

Alt no startar Kvinnherad Turlag arbeidet med planlegging av turprogrammet for neste år.

Kveldes høgdepunkt på Skorpo var utan tvil eit måltid med god mat tillaga av DNT ung. Det var systrene Solveig og Veslemøy Haugland som briljerte med kokkekunst i høg klasse.

Skorpo var som alltid den gode staden der fauna og natur skaper ro og fred i sinnet. Dei som ikkje hadde vore på denne øya før, var imponerte over kor vakkert her er.

Tekst/foto: Kjell Yri  
Nett: Kristian Bringedal



DNT Ung Kvinnherad laga mat til alle deltakarane.